DØMMING AV PELSEIGENSKAPANE HOS NORSK PELSSAU 2019

Pelssaulaget endra mønstringsreglane på landsmøtet i 2019. Det vart difor naudsynt å revidera rettleiinga. Rettleiinga er no revidert av styret. Styret har behandla rettleiing i fleire møte, mellom anna i møte med avlsjefen Blichfeldt på Ås 28.02.2019 og på telefonmøte 12.08.2019. Mellom møta har styremedlemmen konferert med andre.
***Det er ingen endring i korleis me ynskjer pelsskinnet skal vera**. Dei viktigaste endringane er:*

- *Pelshårspoenget er delt i Glans og Pelsavvikspoenge*
- *Lokkformene er fastsett med diamter og me har fått ein ny lokkform, Stor medels lokk*
- *Endring i fastsetjing av lokkpoenget*
- *Heilskapspoenget går ut.*

RAMMER FOR PELSDØMMINGA

All pelsdømming er knytt til dei inste 2 -3 cm av pelshåra. Dømminga bør skje når lammet er mellom 120 og 150 dagar gamalt. Helst bør det vere i dagslys utan direkte sollys eller under kunstig lys av såkalla dagslyslampar (5500 Kelvin). Vanlege lysrør gjev ikkje korrekt fargetone. På levande dyr er mange av eigenskapane ikkje så lette å dømme som på ferdig reidde skinn. Er dei i tillegg våte, vil glans og fingerkjensla vere svært vanskeleg å poengsetje. Om pelsdømming skal ha noko for seg må såleis forholda leggast til rette med i alle høve tørre dyr og standardiserte lysforhold. Bruk av mønstringsbord (ca. 1,20 m x 0,7 m) i 65 – 70 cm høgde lettar arbeidet og gjer dømminga sikrare.

FARGENYANSE

Fargen på norsk pelssau varierar over heile gråskalaen frå kvitgrå til svartgrå.
Fargen på skinna skal vere klår, rein og jamnast mogeleg over heile skinnet. Dei mest ettertrakta nyansane har vore frå lys grå til grensa mot mørk grå.
Utbreinga av fargen har mykje å seie for karakteren åt skinnet, og avgjerande for kva det kan brukast til. Fylgjande fargar er nytta under døminga:

S = svart
Sg = svartgrå
Mg = mørkgrå
G = grå
Lg = lysgrå
Elg = ekstra lys grå
Kvg = kvitgrå
Kv = kvit

Fargeavvik, og gul- eller raudskjer, (viltfarge) i skinna er lyte. Mørkare avvik finn vi oftast som meir eller mindre markert ål etter ryggen, på manken og gjerne kring bøgene. Lyse avvik er helst knytte til felt bak bogen, undersida av halsen, buken og bakerst i låra. Det skal godt lys til å avsløre skinn med moderat urein farge. Raud fargetone ser ein best i stabeltoppane.

Av og til ser vi dyr med samlingar av kvite hår mellom dei elles grå. Dette kan synes vakkert, men inneber vanskar med å sette saman jamne skinn i pelsplagg. Eigenskapen er kalla pepar og salt. (PS) Vi kan og sjå liknande fyrstikktjukke staplar med mørke hår i lyse fellar, ei form for manhår spreidde i fellen. Det er ringare. Er det mykje av dette , og ikkje berre i det som vert kantar i skinnet, vert det trekt 2- 3 poeng.

Sjølv om nyansane i ytterendane av fargeskalaen ikkje er ynskjelege som avlsdyr, kan også desse få høge poeng om fargen elles er klår og rein.

Alle pelseigenskapar vert vurderte etter ein skala frå 1 til 6. Kor alvorlege lyta er avgjer poengtrekket.

Dyr med heilt jamn fargeutbreiing og der fargen er klår og rein vert sett til **6** poeng.
Hos dei som får **5** poeng tolererar vi svake mørkare og/ eller lysare avvik som ikkje har stor utbreiing.
Der vi nyttar **4** poeng kan avvika vere større, men skinnet gjev framleis eit jamnt inntrykk.
3 poeng gjev vi der fargeutbreiinga er tydeleg ujamn.
Dyr med store og tydelege avvik, eller skarpt avgrensa flekkar, har nok med **2** poeng.
Lam med store avvik og flekkar, og i tillegg har urein farge, får **1** poeng.

Fargeavvik kan noterast med slike forkortingar:

Mørke avvik		Lyse avvik		Uynskte avvik	
ål	= ål	lbb	= lys bak bogen	lfl	= lyse flekker
mm	= mørk manke	ls	= lyse sider	mfl	= mørke flekker
mr	= mørk rygg	lbuk	= lys buk	skj	= skjoldet
mbg	= mørke bøger	lb	= lys bak	ur	= urein farge
ml	= mørke lår			uj	= ujamn
mb	= mørk bak			ps	= ”pepar og salt”

LOKK.

Dei fleste lam er fødde utan lokk. Lokken tek til å forme seg i 2 -3 månaders alder, og når gjerne sin optimale pelsverdi ved 4 – 5 månaders alder. Vert lamma særleg over denne alderen taper mange seg i skinnkvalitet. Men denne utviklinga varierar frå dyr til dyr. Oftast er det slik at lam med fast, god lokk (god pelshårskvalitet) får lokken tidleg og misser den seint.

Hos norsk pelssau varierar lokkformen frå strie, grove pelshår som ikkje dannar lokk – utan lokk – til ein finullstype med liten lokk. Vi ynskjer i dag ein medelstor til stor lokk, vel knytt i skru, (tredimensjonal form) og der lokktypen er mest mogeleg den same over heile skinnet. Lokken har avgjerande verknad på utsjånaden til det ferdig reidde skinnet, og er den eigenskapen som gjev skinnet liv og reflekterar lyset. Lokklassen fastset vi som den hovedtypen som er i sida på dyret.

Vi har no 6 lokkformer/ klassar etter diamter på lokken ved pelsdøminga. Endring frå tidlegare er at vi har delt lokkforma Medels lokk, slik at me kan differansiera betre. Klassane for lokkform er no slik:

Ul	=	utan lokk
Bl	=	bølga lokk, over 21 mm
Sl	=	stor lokk, 17-21 mm
S-Ml	=	stor medels lokk, 12-16 mm
Ml	=	medels lokk, 7-11 mm
Ll	=	liten lokk, 7 mm og mindre

Det fins eigen mal for å måla lokkstorleiken. Slik mal kan ein få kjøpt ved å ta kontakt med Pelssaulaget.

Det er kvaliteten og kor jamn lokktypen er i utbreiing som avgjer lokkpoenget. Vanlege lokkfeil er at lokken er mindre etter ryggen, manken og i bogpartiet. Og vi ser ofte opnare lokk i låra enn i sida. Ullstablar som berre bøyer fram og tilbake gjev ikkje den beste lokken. Den ideelle forma er ein mjukt avrunda lokk med ein tredimesjonal karakter. Ein slik ullstabel gjev det nedklipte skinnet nedbøygde toppar.

Lokken er gjerne den eigenskapen det er vanskelegast å oppnå toppoeng i. Samstundes er han lett sjå. I det ligg det og ein fare i å dømme endå strengare. Om observerte avvik ligg ut mot det som vert kantar i skinnet trekkjer dei mindre ned enn om dei er midt i skinnet.

Lam med lokk av svært høg kvalitet, den tredimensjonale lokken er heilt dominerande, og med jamn utbreiing vert sett i **6** poeng.
I **5** poeng aksepterar vi mindre avvik i lokktypeutbreiing. Lokken kan vera av noko dårlegare kvalitet, men kan ikkje vere av den heilt flate todimensjonale typen.
4 poeng inneber ein akseptabel lokk. Han kan vere av noko ringare type eller litt ujamn. Vi aksepterar her til dømes noko mindre lokk på bog og manke, og opnare lokk i låra.
3 poeng kan innehalde fleire avvik. Lokken kan her vera noko lausare, men er framleis av akseptabel kvalitet.
2 poeng vert gjeve når kvaliteten er dårlegare og varierer mykje.
Lam med svært svak kvalitet, ekstremt varierande lokk både i storleik og utbreiing hamnar på **1** poeng.

GLANS OG SILKEKJENSLE

Glans var tidlegare dømd og vurdert i omgrepet "pelshårskvalitet". No er glansen skild ut som eigen eigenskap.
Eigenskapen er direkte knytt til ytterflata av pelshåret (borken) si evne til å reflektera lys. Sameleis er det med silkefaktoren. Vi ynskjer også å ha ei kjensle av silke når vi

tek grep i ullfestet. Og det er dette vi må poengvurdere under døminga. Utanom det grunnleggande - tilpassa lys og tørre dyr - er det spesielt to faktorar som påverkar synsinntrykket vårt når vi opnar fellen for å vurdere glansen:

1. Botnull - spindelull - i, og mellom, pelshårsstaplane.
2. Grovheita av pelshåra.

Botnull vil effektivt ta bort lysreflekssjonen i eit skinn sjølv om glansen i pelshåra skulle vere bra. Ei hjelp ved dømminga kan vere å stryke tommelen langs eit par pelshårsstaplar nokre gongar til verknaden av spindelulla er borte.

Staplar av tynne pelshår reflekterar dårlegare lyset enn hår av grovare type. Og dei dannar oftast liten lokk. Difor vil synsinntrykket vårt vere påverka av dårlegare glans mot rygg/ manke eller mot buken om dei vanlege feila med ujamn lokkutbreiing er til stades. Utfordringa er såleis å vurdere glansen, eller lysreflekssjonen i pelshåra, isolert frå dei nemnde eigenskapane som er med skiplar synsinntrykket, (sjå neste punkt om Pelsavvik). Elles er det også slik at eit lam i god kondisjon og trivnad vil ha betre glans enn eit prega av dårlegare miljø. Men det skal ikkje påverke vår poengsetting.

6 poeng til lam med særs god glans og silkekjensle i heile skinnet.
5 poeng til lam med god glans.
4 poeng til lam med god glans i dei store flatene, men der glansen elles kan variere.
3 poeng til skinn med dårleg glans, eller større felt der glansen er dårleg.
2 poeng til matte skinn.
1 poeng til lam med heilt matte skinn utan glans.

PELSKVALITET/ PELSAVVIKSPOENG

Omgrepet "pelsavvikspoeng" er nytt og fokuserar på poengtrekka for dei negative elementa i vurderinga av pelskvaliteten.

I ei svensk gransking i gotlandsfår fann ein at hår som danna liten lokk i medel hadde eit tverrsnitt på 26 mµ, medels lokk 28 mµ, stor lokk 30 mµ og bølga lokk 32 mµ. Grovheita har også verknad på kor slitesterkt skinnet er, og korleis pelsmassa held seg etter lang tids bruk.

Det er 3 negative eigenskapar som spesielt skal vurderast mot idealet i dette poenget.

1. Reinleik for botnull, spindel. Fråtrekk 0 til 3 poeng.
2. For tynne pelshår. Fråtrekk 0 til 2 poeng.
3. Reinleik for manhår, daudhår/ marg. Fråtrekk 0 til 2 poeng.

Tynne pelshår og liten lokk følgjest åt, og vil ikkje ha eigenskapar til høg pelskvalitet. Botnull mellom staplane – ”spindelvev” – er eit anna lyte. Alt etter mengd og utbreiing gjev dette 1 til 3 i poengreduksjon. Daudhår, marghår og manhår er óg lite ynskjeleg. Utbreiing av marghår eller andre typer avvik vil kunne trekkje ned med 1 til 2 poeng alt etter utbreiing og kvalitet elles. Sluttpoenget vert slik då mellom 1 og 6.

6 poeng (ikkje trekk) nyttar vi når lammet er fritt for botnull, daudhår og pelshåra er høveleg grove. Vidare er desse verdiane homogene mest over heile skinnet, også der vi vanlegvis finn grovare hår på lår og i krysset.
5 poeng er også eit svært bra pelshår, medels til noko grovt, og med god utbreiing. Mindre avvik vert tolererte. Det same gjeld for mindre mengder botnull, man- eller marghår. Skinnet skal gje eit ”grovt synsinntrykk”.
4 poeng er framleis bra pelshår. Men utbreiinga kan vere meir ujamn. Eller her kan vere litt spindel mellom staplane. Likevel må det vere slik at dei store flatene har høg kvalitet. På manke og lår aksepterar vi litt man- og andre marghår.
3 poeng vert gjeve der pelshåra er for tynne (finfibra) eller dei er av anna dårlegare kvalitet, til dømes botnull, enn dei krava vi har for ein 4-ar.
2 poeng der det er mykje botnull, for finfibra hår, eller anna grovheit med dårleg kvalitet.
1 poeng gjev vi for altfor tynne hår eller annan dårleg kvalitet.

Kode	Omtale	Forkorting
1	Daudhår	Dh
2	Manhår	Mh
3	Grov lårull	Grl

DEKNING AV HUDA.

At pelsmassen har avgjerande verknad for karakteren til skinnet seier seg sjølv. Det er dette som bygg opp pelsen. Lokk og farge kan såleis sjåast på som ”pynt”. God pelsmasse får ein gjennom høveleg grove pelshår samstundes med eit tilstrekkeleg tal hår per flateeining. For tett må heller ikkje pelmassen vere. Lokken må få plass til å breie seg ut. I dei større lokkformene er gjerne "brukande dekning" ein god kombinasjon. Finulla lam har gjerne tett pelsmasse, men langt frå vakre skinn. For svak pelsmasse – tynne hår og/ eller dårleg dekning – er lyte. Svakast finn vi oftast dekningen i flankepartiet. Dersom ein brettar slike skinn, og det gjer ein ved sying av pelsplagg kring krage, kantar og lommer, vert huda ikkje tilstrekkeleg dekt av pelshår når massen er svak. Ved dømminga må ein ha i minnet at på lyse dyr vert huda rosa og synes lettare. I det ligg det ein fare i å dømme desse til å vere glisne framfor mørkare dyr der pigmenta i huda dekkjer over dette.

Ved dømminga er det viktig å skilje mellom skinn som har for dårleg dekning og dei som har tilstrekkeleg pelsmasse. Sidan vi ikkje ynskjer pelsmassen tettare enn det som

gjev lokken plass til å breie seg, er det likeeins viktig å skilje dei med akseptabel masse frå dei med endå tettare. Fylgjande omtale av dekning er nytta:

Ag = altfor glissen pels
Ng = noko glissen
Bd = brukande dekning
Gd = god dekning
St = svært tett pels

HEILSKAPSPOENG FOR PELSEIGENSKAPANE - LIVDYRVURDERING.

Heilskapspoenget er teke ut i denne rettleiinga. Ved kåring styrer dei spesifikke poenga i lag med o-indeksen om dyret kan kårast. For påsettlamma må bonden tilsvarande vurdere om dyret tilfredstiller krava til livdyr. Dømmerettleinga frå 2011, som også omhandlar vektinga av dei ulike pelspoenga i heilskapspoenget, kan då vere til hjelp.

Styret i Norsk Pelssaulag
12.08.2019